

## **Tabell A-fk**

### **Utgiftsutjamning, fylkeskommunane**

Kolonne 9 viser sum utgiftsutjamning for den enkelte fylkeskommune. Utjamninga består av omfordeling som følgje av skilnader i berekna utgiftsbehov (bereken i kolonnane 1–5) og omfordeling som følgje av korreksjonsordninga for statlege og private skular (bereken i kolonnane 6–8). Summen av utgiftsutjamninga er vidare nytta i tabell 2-fk, kolonne 2.

Berekninga av utgiftsutjamninga som blir presentert her er basert på innbyggjartalet per 1. juli 2013, og er dei endelige tala for omfordeling i utgiftsutjamninga i 2014.

### **Kolonne 1 – Indeks for berekna utgiftsbehov**

Utrekning av indeks for berekna utgiftsbehov er dokumentert i tabell D-fk. Ein indeks på 1 betyr at fylkeskommunen har eit berekna utgiftsbehov lik landsgjennomsnittet. Ein indeks på 1,1 eller 0,9 betyr at fylkeskommunen har eit berekna utgiftsbehov som er respektive 10 pst. over og 10 pst. under landsgjennomsnittet. Kolonnen er òg vist i tabell D-fk, kolonne 16.

### **Kolonne 2 – Gjennomsnittlig berekna utgiftsbehov per innbyggjar**

Utgiftsbehovet for 2014 er på landsbasis berekna til om lag 43,7 mrd. kroner, som utgjer 8 608 kroner per innbyggjar.

### **Kolonne 3 – Berekna utgiftsbehov i kroner per innbyggjar**

I kolonne 3 er landsgjennomsnittlig berekna utgiftsbehov (kol. 2) multiplisert med indeks for berekna utgiftsbehov (kol. 1) for kvar fylkeskommune, og vist i kroner per innbyggjar.

### **Kolonne 4 – Omfordeling per innbyggjar i fylkeskommunen**

Omfordeling per innbyggjar blir vist i kolonne 4, og kjem fram som differansen mellom kolonne 3 og kolonne 2.

### **Kolonne 5 – Samla omfordeling for fylkeskommunen (1000 kr)**

Omfordeling utanom korreksjonsordninga blir vist i kolonne 5, og er rekna ut ved omfordeling i kroner per innbyggjar (kol. 4) multiplisert med fylkeskommunens innbyggjartal per 1. juli 2013 (tabell E-fk, kol. 2).

### **Kolonne 6 – Trekk for elevar i statlege og private skular**

Fylkeskommunane får eit trekk i rammetilskotet for elevar som går i statlege og private skular. For ein nærmare gjennomgang av korreksjonsordninga for statlege og private skular, sjå innleiringsteksten i Grønt hefte. Elevtala som ligg til grunn er gjennomsnittet av elevtala ved statlege og private skular per 1. oktober 2012 og 1. april 2013 (tal frå Kunnskapsdepartementet).

Trekksatsane per elev for 2014:	
Vanleg undervisning	92 100
Gartner- og landbrukskular	112 700
Spesialskular	260 100
Opphald	274 800

**Kolonne 7 – Tilbakeføring av samla trekk**

Samla trekk for alle fylkeskommunar (landssum, kolonne 6) blir ført attende til den enkelte fylkeskommune etter fylkeskommunen sin del av utgiftsbehovet.

**Kolonne 8 – Nettoverknad av korreksjonsordninga for statlege og private skular**

Kolonne 8 viser nettoverknaden av korreksjonsordninga, dvs. summen av kolonnane 6 og 7.

**Kolonne 9 – Sum utgiftsutjamning**

Utgiftsutjamninga, inkl. omfordeling for elevar i statlege og private skular, kjem fram som summen av kolonne 5 og kolonne 8. Talet blir vidare nytta i tabell 2-fk, kolonne 2, som tillegg/trekk i innbyggjartilskotet.